

Tabell B-fk

Overgangsordninga. Fylkeskommunane

I 2015 blei inntektsgarantiordninga (INGAR) erstatta med ei femårig overgangsordning, der nedgang/auke i tilskot for den einskilde fylkeskommune som følgje av nytt inntektssystem blir fordelt over fem år.

Fylkeskommunar som får negativt utslag i fordelingsverknadene får att 3/5 av tapet i overgangsordninga i 2016, mens fylkeskommunar som vinn på fordelingsverknadene får redusert auken med 3/5 i overgangsordninga i 2016.

I 2015 vart midlar til ferjeavløysingsprosjekt som fylkeskommunane overtok frå staten i samband med forvaltningsreforma i 2010 lagt inn i utgiftsutjamninga. Dette medførte omfordeling frå fylkeskommunar som hadde ferjeavløysingsprosjekt til andre fylkeskommunar, sjølv om store delar av omfordelinga vart fanga opp av blant anna overgangsordninga og tapskompensasjonen. I 2016 vert ferjeavløysingsmidlane igjen lagt i tabell C. For å unngå at fylkeskommunane med ferjeavløysingsprosjekt vert dobbeltkompensert, vert overgangsordninga utrekna på nytt basert på dei nye føresetnadene. Dette er nærmere omtala i innleiinga av Grønt hefte 2016.

Kolonne 1 – Fordelingsverknad med fullt utslag, 2015-utrekning (1000 kr)

Kolonne 1 viser fordelingsverknad med fullt utslag av innlemming av tabell C-saker og ny kostnadsnøkkel i 2015.

Kolonne 2 – Fordelingsverknad med fullt utslag, 2015-utrekning (kr per innb)

Kolonne 2 viser fordelingsverknad med fullt utslag av innlemming av tabell C-saker og ny kostnadsnøkkel i 2015. Kroner per innbyggjar.

Kolonne 3 – Fordelingsverknad med fullt utslag, korrigert utrekning (1000 kr)

Kolonne 3 viser fordelingsverknad med fullt utslag av nytt inntektssystem 2015, dersom fergeavløysingsmidlar ikkje hadde blitt trekt ut av tabell C i 2015.

Kolonne 4 – Fordelingsverknad med fullt utslag, korrigert utrekning (kr per innb)

Kolonne 4 viser fordelingsverknad med fullt utslag av nytt inntektssystem 2015, dersom fergeavløysingsmidlar ikkje hadde blitt trekt ut av tabell C i 2015. Kroner per innbyggjar.

Kolonne 5 – Overgangsordninga 2016

Kolonne 5 viser overgangsordninga for 2016. Beløpet er 3/5 av fordelingsverknaden med fullt utslag i kolonne 3, med motsett forteikn. Prisjustert til 2016-kroner.